

Har du mista nokon som sto deg nær, eller kjenner du nokon som er alvorleg sjuk?

Då vil vi invitera deg til samling for unge frå 10-18 år. Du kan vere med å forme denne gruppa. Vi legg til rette for samtale, pizzakveldar og aktivitetar.

**Første samling:** Måndag 07.01.2013 kl 18-20 i «Gamle-skulen» i Uskedalen.

For meir informasjon og påmelding, ta kontakt med: Solfrid Seeberg, mob: 41 65 46 03 eller Inger Helen H. Hjelmeland, mob: 95 24 75 06.



**KVINNHERAD  
KOMMUNE**

Gamleskulen er møtestaden måndag kveld for dei som har mista nokon som sto dei nær, dei som lever med alvorleg sjuke i familien eller som kjenner nokon.

For tredje sesongen startar pårørandegruppa som er mynta på ungdom mellom 10 og 18 år utan at alderen er fast. På dei to første gruppene møtte det mellom 5 og 10 og attendemeldingane var svært positive frå deltakarar og pårørande.

Annonsen over inneheld ytterlegare informasjon. Tilbodet er eit samarbeid mellom kommunen og frivillige og vert finansiert av Kreftforeningen og gáver.

Dei som står bak er kreftsjukepleiar Inger Helen H, Hjelmeland, psykisk helsearbeidar Solfrid Seeberg, sjukeleiar Christina Hylland Fausk og frivillig Lars Martin Teigen.

Gruppa driv ikkje terapi men baserar seg på samtaler, fellesskap og moro. Kvar og ein bestemmer sjølv kor mykje ein vil ut med av

informasjon. Målsettinga er å skapa ein god samlingsplass med utløp for kjensler og tankar.